

Høyringsinstansar jf. vedlagte liste

Dykkar ref:

Vår ref:

2016/2590 - 219/2017

Sakshandsamar:

Hilde Rudlang 51 96 38 15

Dato:

13.01.2017

## Høyring: Rapport frå prosjektet for Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan

Rapporten frå prosjektet for Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan, blir med dette sendt på høyring. Rapporten er å finne på nettsida til Helse Fonna <https://helse-fonna.no/hoyringar> og på nettsida til Helse Vest <https://helse-vest.no/helsefagleg/prosjekt-og-program/odda-og-stord-sjukehus-2016>

### Prosjektmandat og -organisering

Prosjektet for Odda sjukehus er ei vidareføring og utviding av prosjektet Odda og Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019). Prosjekteigar er Helse Vest RHF og Helse Fonna HF.

Prosjektet har hatt i oppdrag å bygge på omtalen i Nasjonal helse- og sjukehusplan av lokalsjukehusa og deira rolle, og medverke til å utvikle eit framtidretta og trygt tenestetilbod ved Odda sjukehus. Det utvida prosjektet for Odda sjukehus fekk i mandat å sjå på heile verksemda ved sjukehuset.

Prosjektgruppa har hatt brei lokal representasjon, med deltakarar frå kommunar, Odda sjukehus, vernetenesta, tillitsvalde, brukarar og frå leiinga i Helse Fonna og Helse Vest. Ved utviding av prosjektet for Odda sjukehus blei prosjektgruppa utvida med fleire deltakarar med arbeidsstad ved Odda sjukehus og lokal brukarrepresentant.

Prosjektgruppa blei utvida for å imøtekomme eit sterkt lokalt engasjement og for å sikre at synspunkta til alle interessentar blei høyrde.

### Sluttrapport frå prosjektet for Odda sjukehus

Prosjektet peiker på at det er viktig å bygge opp ein felles kultur i eit samla Helse Fonna, der sjukehusa i helseføretaket fungerer saman i eit forpliktande nettverk både fagleg og organisatorisk. Vidare er det viktig at kommunane i området og Helse Fonna inngår eit forpliktande samarbeid for å sikre tilbodet til pasientane som har behov for tenester frå begge nivåa, innanfor både somatikk, psykisk helsevern og rusbehandling.

Desse tema inngår i tilrådinga i sju punkt for den vidare utviklinga av Odda sjukehus, som ei samla prosjektgruppe står bak.

Når det gjeld tilråding om den akuttkirurgiske verksemda ved Odda sjukehus, er prosjektgruppa delt. Fire medlem tilrår å avvikle akuttkirurgisk verksemd, mens 11 tilrår å oppretthalde den. Argumenta kjem fram av rapporten. I tillegg har deltakarar frå prosjektgruppa lagt ved eigne skriv som utdjupar argumentasjonen for å behalde akuttkirurgisk verksemd. Desse skriva er å finne på nettsidene, saman med prosjektrapporten.

### **Føresetnadar for tilrådingane**

Dei administrerande direktørane skal etter høyringsrunden legge fram sak til behandling for styra i Helse Fonna HF og Helse Vest RHF.

Eit avgjerande grunnlag for den vidare utviklinga av Odda sjukehus er at kommunane og Helse Fonna lykkast i samarbeidet om kommunale øyeblikkeleg hjelp-senger og legevakt ved Odda sjukehus.

For å utvikle sjukehusa i Helse Fonna i nettverk i tråd med tilrådingane vil det som nemnd vere viktig med felles kulturbygging, fag- og kvalitetsutvikling. Det er òg i dette prosjektet, tilsvarande som for Stord sjukehus, naturleg å sjå på tilrådingane som ei pakkeløysing. Dette vil ligge til grunn under vurdering av rapporten og mottekne høyringsuttalar.

### **Høyringsspørsmål**

Helse Vest RHF og Helse Fonna HF ber om synspunkt frå høyringsinstansane på innhaldet i prosjektrapporten. Vi ber primært om høyringsinnspel knytt til tilrådingspunkta i rapporten, men vil òg lytte til andre innspel.

### **Vidare prosess**

Prosjektrapporten og høyringsinnspela vil bli lagt fram for styret i Helse Fonna HF og deretter for styret i Helse Vest RHF.

### **Høyringsfrist**

Dette er ei elektronisk høyring og innspel må sendast til:  
[hoyring@helse-fonna.no](mailto:hoyring@helse-fonna.no) innan den 21. februar 2017.

Høyringsinnspel vil fortløpande bli publisert på nettsidene til Helse Fonna.

Vennleg helsing



Herlof Nilssen  
administrerande direktør Helse Vest RHF



Olav Klausen  
administrerande direktør Helse Fonna HF

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til: Deltakarane i prosjektet for Odda sjukehus

**Høyringsinstansar:**

Kommunane i Helse Fonna

Helse Bergen HF

Helse Stavanger HF

Helse Førde HF

Hordaland fylkeskommune

Rogaland fylkeskommune

Regionalt brukarutval i Helse Vest

Brukarutval i Helse Fonna